

## Saksprotokoll i fylkesutvalet – 23.05.2017

Nils T. Bjørke (Sp) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styreleiar i Matarena. Mona Røsvik Strømme (H) og Roald Kvamme (A) stilte spørsmål om dei var inhabile fordi dei er medlemmer i Regionalt næringsforum.

Bjørke, Strømme og Kvamme gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Nils T. Bjørke ikkje var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Mona Røsvik Strømme og Roald Kvamme ikkje var inhabile, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Bjørke, Strømme og Kvamme tiltredde saksbehandlinga.

**Silje Hjemdal (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Punkt 3 b og c utgår.»

**Silje Hjemdal (Frp)** sette fram slik protokollmerknad:

«Frp mener at punkt 3 b og c ikke vil bidra til et levedyktig næringsutvikling i seg selv. Vi mener det er helheten og fremtidsutsiktene for aktøren som skal være avgjørende.»

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette på vegner av MDG og SV fram slikt forslag:

«Endring i punkt 3 a): (endringa står i kursiv)  
Aktøren arbeider med å fremje *grønt* entreprenørskap og innovasjon, knytt til nye bedriftsetableringar og/eller vekst i eksisterande bedrifter.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 - innleiinga og punkt a) - vart vedteke med 13 røyster mot 2 røyster (MDG, SV) for Tomren sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 b) og 3 c) vart vedteke med 13 røyster mot 2 røyster (Frp) for Hjemdal sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 4 vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtar med utgangspunkt i Regional planstrategi 2016-2020 og Regional næringsplan 2013-2017 reviderte retningslinjer for Næringsretta partnerskapsmidlar med verknad frå 2018.
2. Fylkesutvalet vedtar følgjande framdrift for tildeling av midlar:
  - Juni 2017: Fylkeskommunen lyser ut partnerskapsmidlar til næringsretta utviklingsaktørar
  - August/september: søknadsfrist
  - Oktober 2017: Innstilling om tildeling vert fremja i fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett 2018
  - Desember 2017: Fylkestinget vedtar kva aktørar som skal løyvast næringsretta partnerskapsmidlar for 2018, med intensjon om støtte for tre år.
3. Fylkesutvalet vedtar at vurdering av partnerskapsmidlar skal gjerast opp mot følgjande kriterier knytt til prioriterte aktørar:
  - a) Aktøren arbeider med å fremje entreprenørskap og innovasjon, knytt til nye bedriftsetableringar og/eller vekst i eksisterande bedrifter.
  - b) Aktøren samlar og styrkar innovasjons- og/eller entreprenørskapsarbeidet i ein større del av fylket/region. Aktøren famnar over minst to kommunar.
  - c) Aktøren har innsatsen retta mot område/regionar med høg eller vekst i arbeidsløysa.

4. I tillegg kan følgende punkt vere relevant å drøfte i særskilte tilfelle:

Aktørrar med lite anna offentleg støtte kan verte støtta i særskilte tilfelle, uavhengig av arbeidet med entreprenørskap og innovasjon.

Aktørrar som vert finansiert saman med andre fylkeskommunar, må også vurderast opp mot dei andre fylkeskommunane sine prioriteringar.

**Protokollmerknad frå Frp**

Frp mener at punkt 3 b og c ikke vil bidra til et levedyktig næringsutvikling i seg selv. Vi mener det er helheten og fremtidsutsiktene for aktøren som skal være avgjørende.